



Notat

Dato: 20.04.2016
Arkivsak: 2014/10498-102
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilrettelegging av attestasjonar - justerte rutinar

Fylkesrådmannen viser til sak 21/16 i kontrollutvalet sitt møte 4. april 2016.

Kontrollutvalet ber i vedtaket i saka om redigert versjon av rutinane for attestasjon av prosjektrekneskap og desse følgjer vedlagt.

I samarbeid med Deloitte er det ved redigeringa lagt vekt på å innarbeida tilstrekkeleg tid til revisjonen sitt arbeid. Ved ein inkurie gjekk dette ikkje klart fram av rutinane som vart lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 4. april 2016.

I saksprotokollen er det og peika på at det i oversendinga mangla aktuelle prosjekt. Fylkesrådmannen har hatt ny gjennomgang av dette med avdelingsdirektørane og oversynet som no vert sendt over er supplert med fleire prosjekt.